

Årsmelding HIFO Nordvestlandet 2011

HIFO Nordvestlandet har arrangert to opne dagsseminar i 2011:

8. mai. Seminar *Spor i jord. Høgskulen i Volda*

Seminar om nyare arkeologiske granskingar i Ørsta og Volda kommunar. Arkeolog og forskar Søren Diinhof presenterte funna frå ein jernaldergard på Moflata i Ørsta, og fortalde om utviklinga av den førhistoriske garden på Vestlandet. Fylkesarkeolog Trond Linge fortalde om dei arkeologiske granskingane langs traseen for ny Kvivsvegen, eit nytt vegsamband mellom Volda og Hornindal kommunar. Talet på deltakarar var om lag 50.

Årsmøte vart avvikla i forkant av seminaret, på Høgskulen i Volda.

24. september. Fagkonferanse om Gange-Rolv. Rica Parken Hotell, Ålesund

Fagkonferansen var ein av fleire arrangement i Ålesundsregionen i samband med 1100-års jubileet for Gange-Rolv. HIFO Nordvestlandet var ansvarleg for det faglege programmet, Arnfinn Larsen, Ålesund, var teknisk arrangør. Konferansen erstatta HIFO Nordvestlandet sitt årvisse juleseminar.

Konferansen var delt inn i to bolkar; Samfunnet på Gange-Rolvs tid, og Gange-Rolv/Rollo i norsk og europeisk historie. Foredragshaldarar var professor Jon Vidar Sigurdsson, historikar Jarle Sulebust, Professor Jean Renaud, professor Torgrim Titlestad og Sturla Ellingvåg.

Talet på deltakarar var om lag 80.

Seminaret er omtala i medlemsbladet Historikeren, nr. 4, 2011 av Hans Jacob Orning.

Det er avvikla ca. fem styremøte i avdeling for HIFO Nordvestlandet i 2011. Styret har i tillegg hatt ein del kontakt via epost.

Tal på medlemmer ved årsskiftet 2011/2012 var 38 personar.

Styret i meldingsåret:

| | |
|--------------------|-------------|
| Hans Jacob Orning | leiar |
| Harald Krøvel | kasserar |
| Gro Anita Bårdseth | sekretær |
| Aud Farstad | styremedlem |
| Frode Pilskog | styremedlem |

| | |
|-----------------|------|
| Kari Hasle | vara |
| Jorunn Kristvik | vara |

| | |
|---------------|---------|
| Atle Døssland | revisor |
|---------------|---------|

| | |
|----------------|-----------|
| Harald Tafjord | valkomité |
| Eldar Høidal | valkomité |

Volda 9. april 2012

Gro Anita Bårdseth